

# Prosjektplan Bustadpolitisk plan

## POLITISK FORANKRING

- Bustadsosial handlingsplan er prioritert i kommunal planstrategi 2020-2023, vedtatt i Hemsedal kommunestyre 5.11.2020 i k-sak 114/20.
- Bestilling: I planstrategien er planbehovet beskrevet breiere enn ein reint bustadsosial handlingsplan. Foreslått namn på planen er derfor endra til Bustadpolitisk plan.

## ORGANISERING AV ARBEIDET

Prosjekteigar og oppdragsgivar:	Kommunestyret
Prosjektansvarleg:	Kommunedirektør
Nivå 1 prosjektorganisasjon: Avgjerdsmynde	
Styringsgruppe:	Kommuneplanutvalet gjer nødvendige prosessvedtak, som å legge planprogram og planforslag til høyring, fram til vedtak i kommunestyret. Hovudutval for Livsløp behandlar planforslag før det leggst ut på høyring, og vedtar innstilling til kommunestyret før sluttbehandling. F.o.m september 2023 Formannskapet.
Styringsgruppeleiar:	Ingar Nergård, leiar Kommuneplanutvalet (Leiar Formannskapet etter september 2023; Pål Rørby).
Nivå 2 prosjektorganisasjon: Utfører arbeidet	
Prosjektleiing:	Planavdelinga i teknisk etat
Prosjektleiar:	Kommuneplanleggjar
Prosjektgruppa	Skal være tverrfagleg og vil bestå av tilsette på teknisk etat, helse og omsorg, og økonomikontoret. Andre kan også bistå med på deler av arbeidet ved behov. -Ellen (revidering arealdel) -Åste (Smart Fjellbygd/arkitekt) -Gunn E.(Bu og blilyst, Smart Fj.b, Gnist Lom, møteplass næring) -Mari (økonomi) -Elisabet (byggesak) -Heidi (folkehelsekoordinator) -Odd-Magne (eigendom) -Anders (leiar plan og utvikling)
Nivå 3 prosjektorganisasjon: Referansegruppe for faglege råd og innspel	
Referansegruppe:	-Håvard (byggesak) -Janne (NAV) -Henrik (Helse) -Eva (barnas representant) -Jørn Magne (miljørådgjever)
Uttale i samband med politisk handsaming:	
Eldrerådet, Ungdomsrådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	

### Prosjektleder sitt ansvar:

- Pådrivar med ansvar for gjennomføring av prosessen
- Koordinerer nødvendig kartlegging
- Tilrettelegg og bearbeidar informasjon
- Leder prosjektgruppa

### Prosjektgruppa:

- Utfører tildelte arbeidsoppgåver
- Framfører synspunkt og besluttar innanfor eige område
- Rapporterer til prosjektleder
- Dokumenterer eigne resultat

I tillegg til teknisk sektor og bustadkontor, bør personar med ansvar for brukargruppene/målgruppene som planen skal omfatte, vere representert i prosjektgruppa. Motivasjon og lyst til å utføre denne typen arbeidsoppgåver vil bidra positivt til gjennomføringa. Den heilskaplege bustadplanen vil også i stor grad omfatte organisatoriske forhold. Deltakaren i prosjektgruppa skal bidra med informasjon frå eget ansvarsområde. Målsetninga bør være å skape større forståing og likskap mellom sektorane.

**Referansegruppe:** Ei referansegruppe skal kome med faglege råd og innspel. Det er viktig for kommunen å involvere mange i utarbeidinga i bustadplanen. Brei medverking sikrar god gjennomføring.

## FORMÅL BUSTADPOLITISK PLAN

- Planen skal skape ei heilskapleg og langsiktig ramme for å løyse kommunen sine *noverande* og *framtidige* bustadutfordringar.
- Den skal legge føringar for bustadutvikling generelt og for målretta tiltak for innbyggargrupper med særskilte behov.


## MÅL OG HOVUDRAMMER FOR PROSJEKTET

Mål og hovudrammer for prosjektet er fastsett av eigar for prosjektet, Kommunestyret, gjennom Samfunnsdelen til kommunen. Samfunnsdelen er det øvste styrande dokumentet for kommunen.

### Utvalde og aktuelle mål samfunnsdelen

1. Varierte tilbod i alle prisklassar til alle målgrupper
2. At eldre bur heime lengre
3. Inkluderande, levande og mangfaldig lokalsamfunn, utan sosiale skilnader
4. Fortette og samle utbygging basert på kunnskap og heilskapleg arealplanlegging
5. Vitale og attraktive tettstadsentrum
6. Vidareutvikle kulturmiljø som viktige identitets- og opplevingstilbod
7. Utbygging tilrettelagt for sykkel og mjuke trafikkantar
8. Regulere og stimulere til bustadbygging
9. Buplikt som reiskap for fast busetting og tilgang på bustadar
10. «Hytte som mellombels bustad»

## FRAMDRIFTSPLAN



## KUNNSKAPSGRUNNLAG

I byrjinga av prosjektet er det utarbeida eit kunnskapsgrunnlag. Eit viktig formål med kunnskapsgrunnlaget er å danne seg eit framtidsbilete av moglege potensielle utfordringar som Hemsedal kommune bør ha ein strategi for å møte.

- **Kunnskapsgrunnlag del 1: Behov**

Bustadpolitikken er ein viktig del av samfunnsplanlegginga og gjennomføringa av samfunnsutviklinga i Noreg. Til grunn for all planlegging ligg ei berekraftig utvikling gjennom FN sine berekraftsmål. Den sosiale berekraft blir framtrudande i ein bustad politisk plan. Heilt sentralt for sosial berekraft står menneskelege behov. Ein må forstå dagens og framtidige innbyggjarar sine behov, og tilrettelegge for gode lokalsamfunn å bu og leve i (bulyst). Første del av kunnskapsgrunnlaget handlar derfor om den demografiske samansetninga av befolkninga i Hemsedal i dag, og forventa samansetning fram mot 2030. Vidare ser vi på kva bustadar som finst i dag. Kartlegginga søker å avdekke dei udekte behova i dag, og kva som er utfordringsbilete fram mot 2030. I utarbeidinga av del 1 har prosjektleiinga delteke, i tillegg til at Viken Fylkeskommune har bistått med kvalitetssikring av data/analyse. Eigedom og helse, flyktingtenesta, NAV og eigedomsmeklar har bidrege gjennom informasjonsinnsamlingsmøte.

- **Kunnskapsgrunnlag del 2: Dokumentgjennomgang**

I dokumentgjennomgangen har ein sett gjennom dei overordna føringane for planarbeidet (presentert i Planprogrammet) og andre nasjonale trendar. Frå gjennomgangen har ein laga eit samandrag på dei viktigaste trendane, føringane og eksempla.

- **Kunnskapsgrunnlag del 3: Samfunnsdelen → Workshop overordna mål og arealstrategi**


Prosjektleiinga (planavdelinga) har hatt work-shop for å sjå på samanhengen mellom del 1 og del 2 i Kunnskapsgrunnlaget og Samfunnsdelen.

- **Kunnskapsgrunnlag del 4: Utbyggingsområde**

Kva er under utbygging i dag, og kva har vi av reservar i arealdelen. Utarbeida av prosjektleiinga (planavdelinga) gjennom work-shop som metode.

## DEFINERE POTENSIELLE PROSJEKT / KONSEPTFASEN

Konseptfasen dreiar seg i stor grad om å finne gode prosjekt som vil skape fornying, forbedring og forenkling, og bør derfor i stor grad pregast av innovasjon og nytenking.



### Hva er innovasjon? →

Offentlig sektor må i framtiden levere bedre tjenester for færre kroner. Da er innovasjon avgjørende, og utgangspunktet for omstilling ligger i bruker- og samfunnsbehov.

Fun fact om offentlege innovasjonsprosessar/planprosessar

Ein del av prosjektet inneberer spørsmål rundt korleis kommunale etatar kan organisere og samarbeide om bustadoppgåver.

Det kan bety omorganisering, nye stillingar osv... store spørsmål som påverkar heile kommunen som organisasjon (strategiar).

## MEDVERKING

Eldrerådet, Ungdomsrådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er involvert både våren 2023 i arbeidet med kunnskapsdelen, og på hausten i forbindelse med behandling av planen.

Medverking av andre aktører er avhengig av resultatet av konseptfasen. Av andre offentlege aktører er Viken Fylkeskommune, Distriktssenteret og Husbanken aktuelle samarbeidsaktører.

Det planleggast ein temadag for å involvere bustadbransjen og politikarane i prosessen.

## FERDIG PLAN

Temaplanen set fokus på prioriteringar i arbeidet framover, konkretisert i innsatsområde og strategiar i planen. Felles for temaplanar er at dei ikkje inneheld tiltak, men følgast opp i handlingsplanar og verksemdsplanar, samt arbeid med arealplanane.

For å forankre planen i heile kommuneadministrasjonen bør ein arrangere ein (eller fleire) presentasjon/ar av planen i etterkant av vedteken plan.